

RAPPORT OM ORDBOKARBEIDET 2004

Også i 2004 har arbeidet med norsk-esperanto ordbok gått jamt og stødig framover, trass i at berre omlag halvdel av dei tildelte midlane frå Uhlen-legatet blei brukt. Ulike forhold gjorde at Kjell måtte nedprioritera ordbokarbeidet på hausten.

Redaksjonsnemnda som leiar arbeidet, har også i 2004 vore samansett av Jardar Eggesbø Abrahamsen, Herman Raner og Kjell Heggvold Ullestad. Forutan desse har også dei øvrige medlemmane i Grupo Esperantista en Trondheim (GET) deltatt aktivt i arbeidet i året som gjekk.

1. Kva som er gjort i 2004

Korrekturlesing av omsetjingar

Like før nyttår blei Kjell ferdig med å korrekturlesa omsetjingane i den delen av materialet som utgjer Norsk-esperanto ordbok frå 1963 (det såkalla 63-materialet), med unntak av noko fagterminologi (som andre arbeider med, sjå nedanfor) og bokstaven N (som ikkje lar seg skilja ut i 63-materialet pga. feil i registreringa).

GET har hatt 10 dugnadsmøte i 2004 (vår 6, haust 4), der klubbmedlemmane har korrekturlese i alt ca. 18000 omsetjingar. Arbeidet som blir gjort på desse møta har mykje å seia for Kjell sitt arbeid med å gå gjennom omsetjingane, både når det gjeld fart og presisjon. I og med at 63-materialet er ferdig korrekturlese i databasen, vil det ikkje bli arbeidd vidare med dette materialet på klubbmøta.

Korrekturlesinga av fagtermene innan kjemi og fysikk er delegert til Herman Raner, medan Tomas Jansson har arbeidd med medisin, anatomi, biologi og fysiologi.

Komplettering av materialet

På nyåret 2004 var Kjell ferdig med gjennomgangen av ordbokmanuskripta etter Lars Kåre Hunnes (sjå rapporten frå 2003). Denne gjennomgangen resulterte i ca. 1100 nye omsetjingar og oppslagsord som blei lagt til databasen.

Utover dette har det ikkje vore noka systematisk oppdatering av ordtilfanget i databasen i 2004, men Kjell oppdaterer databasen kontinuerleg med viktige oppslagsord, uttrykk og omsetjingar under korrekturlesinga.

Ulf Lunde har påtatt seg å laga eit oversyn over dataterminologi som må vera med i ordboka, og Torstein Kvakland er utnemnd som tabuord-redaktør.

Utover dette meiner redaksjonen at ei omfattande utviding av materialet høyrer til på eit seinare steg i prosessen, då særleg i samband med nyare utgåver. Prosjektet er òg definert til å vera å laga ei best mogleg ordbok av det eksisterande materialet. Det er likevel klart at ei viss oppdatering må gjerast før utgjevinga i og med at den største delen av materialet er av relativt gammal dato. Funna i materialet etter Hunnes viser òg at det var lønsamt å avvika frå den snorrete vegen. Ved årsskiftet 2004/2005 sende Douglas Draper dessutan ei liste over ord og omsetjingar som han har samla. Desse vil sjølvsagt bli gjennomgått og lagt inn i databasen før korrekturlesinga av dei orda som ikkje står i ordboka frå 1963 (det såkalla pluss-materialet).

Korrekturlesinga av pluss-materialet blir den siste gjennomgangen av databasen. På eit visst tidspunkt blir det derfor vanskeleg å leggja inn nye ord utan å risikera ein del uorden i databasen. Dessutan risikerer ein å koma inn i ein endelaus runddans mellom oppdatering og korrekturlesing. Det vil derfor vera mest tenleg å venta med oppdateringar til korrekturlesinga er ferdig. Det blir då opp til redaksjonen å avgjera kor mykje som skal leggjast til før ordboka er klar til publisering.

Det som er klart, er at materialet vil bli jamført med Bokmålsordboka før publisering for å finna viktige ord som manglar i vårt materiale. Kor mange av dei orda som då kjem fram, som skal leggjast til databasen før publisering, blir ei vurdering på eit seinare tidspunkt.

Redaksjonelt arbeid

Det har ikkje vore noko viktig redaksjonelt vedtak i 2004. Redaksjonen har ikkje hatt noko møte, men har hatt uformelle diskusjonar når det har trengst.

På klubbmøta har GET fortsatt arbeidet med å fjerna uaktuelle ord frå materialet. Også i år har mange ord fått dødsdomen ved plenumsvedtak etter innstilling frå Kjell.

2. Databasen

Databasen inneheldt ved årsskiftet 2004/2005i overkant av 78200 postar, dvs. omsetjingar og kryssreferansar. Det blir jamleg tatt kopi av databasen, både på harddisken og på CD. CD'en blir oppbevart på universitetet for tryggleiken si skuld.

I desember fekk Kjell virus i maskina, og harddisken måtte slettast og alt reinstallerast. Dette hende på eit svært uheldig tidspunkt, fordi feil ved CD-brennaren gjorde at det ikkje hadde blitt laga tryggleikskopi utanfor maskina på ei god stund. Med god hjelp frå Herman lukkast det heldigvis å berga databasen utan at noko arbeid gjekk tapt.

Me har ikkje oppdaga manglar eller feil ved databasen i 2004.

3. Arbeidsoppgåver i 2005

Hovudoppgåva i 2005 er å koma lengst mogleg med korrekturlesinga av omsetjingane i pluss-materialet. Sjølv om dette materialet er mykje mindre enn 63-materialet, vil gjennomgangen bli ganske omfattande og tidskrevjande. Det er fleire grunnar til dette. For det fyrste er det veldig mykje som må korrigerast i dette materialet. Klubben har jobba særns nøye med pluss-materialet før Kjell angrip det, så i starten av korrekturlesinga av materialet utover 63-materialet vil Kjell sitt arbeid langt på veg vera «sekretærarbeid». Rettingane på registrerast i databasen, i tillegg til at problem ein ikkje har greidd å løysa på dugnadsmøta må løysast så langt det er råd.

I tillegg vil heile materialet (pluss- og 63-materialet) bli gjennomgått samla under denne korrekturlesinga for ikkje å missa oversikten m.o.t. manglar og dobbelføringar. 63-materialet blir dermed gjennomgått for andre gong, men vil ikkje bli kontrollert med tanke på omsetjingane i denne omgang.

I tillegg til Kjell si korrekturlesing vil GET ha dugnadsmøte i 2005 òg, samt at ”vortara kvaronhoro” nærast er institusjonalisert på dei ordinære klubbmøta. I og med at ein er ferdig med 63-materialet, og klubben ligg så langt føre Kjell i pluss-materialet, har klubben bestemt at ein trappar litt ned på dugnadsmøta i vår. Det er berre planlagd to møte i fyrste halvår for å hindra at medlemmane blir leie i ein hektisk esperanto-sesong. Planen er å koma sterkare tilbake til hausten.

I løpet av 2005 bør me òg begynna å tenkja på utforminga av den elektroniske utgåva av ordboka. No når 63-materialet er ferdig, kan dette brukast til å laga test-utgåver.

4. Framdrift

Det er framleis vanskeleg å seia noko om kor lang tid den siste gjennomgangen av omsetjingane vil ta. Korrekturlesinga av 63-materialet har som tidlegare nemnt gått ganske fort, men har likevel vore meir krevjande en me fyrst trudde. I den gjennomgangen som kjem no, vil nok sjølve korrekturlesinga gå fortare, takk vere dei grundige rettingane frå dugnadmøta. På den andre sida skal heile materialet gjennomgåast, og det er derfor vanskeleg å seia noko om kor fort dette går før ein er i gong.

Det vil kanskje bli naudsynt med ein tredje gjennomgang av materialet etter korrekturlesinga. Dette blir ev. ein ”redaksjonell” «kontroll-gjennomgang», der ein ser på konsekvens i føring, inndeling i undertydingar o.l. Denne gjennomgangen vil ta mykje kortare tid enn korrekturlesinga, men vil vera avgjerande for kvaliteten på sluttproduktet.

Til slutt skal heile materialet jamførast med Bokmålsordboka for å finna graverande manglar, som så må leggjast inn i basen.

Av det opphavlege overslaget på 4-5 år gjenstår det nå 1-2 år. Som sagt så mange gongar før: Det er svært vanskeleg å seia sikkert kor lang tid dei ulike etappane vil ta. Det står mykje arbeid igjen, og året som gjekk viste at andre arbeidsoppgåver kan koma i vegen for ordbokarbeidet. Kjell er framleis ikkje ferdig med hovudfaget, noko som vil bremsa arbeidet noko særleg fram til mars/april. I tillegg gjer rentenedgongen at det er mindre midlar i Uhlen. Det er derfor lite realistisk at ordboka skal vera ferdig om eitt år, så kanskje overslaget frå 2004-rapporten kan gjelda i år òg: 2-3 år. Men det er viktig at alle partar gjer det dei kan for å få prosjektet i mål snarast råd.

5. Tidsrekneskap

For 2004 kan me setta opp fylgjande tidsrekneskap for ordbokarbeidet (tala viser talet på timar):

Lønna av Uhlen	160
GET, dugnadmøte	220
GET, ordbokskvarter	25

Totalt	<u>405</u>

Tomas Jansson sitt arbeid med fagtermar innan medisin, anatomi, fysiologi og biologi er ikkje med i rekneskapen.

Trondheim, 21.1.2005

For redaksjonen,
Kjell Heggvold Ullestad